

# Roser og liljer

Rosemålarverkstaden ligg inne i den godkjende reguleringsplanen for det historiske tunet på Lyngheim. Målet er at denne verkstaden skal gje ei ramme både for kursverksemd og for unge som vil læra seg dette tradisjonshandverket grundig for å kunna føra tradisjonane vidare. Det blir eit naturleg samarbeid med Oselvarverkstaden som vart opna i 1997 og som i dag er med i det internasjonale Economuseumnettverket – ny verdiskaping i gamle handverk. Det er nærliggjande å ta sikte på at rosemålarverkstaden på Lyngheim blir med i dette nettverket.

Rosemålarverkstaden i Os er registrert med domenet Rosemålarverkstaden.no. Verkstaden blir, som han opphavleg stod på Tveit frå slutten av 1800-talet, delt i to rom med dører mellom. Det fremste rommet er for kursverksemd og det andre rommet er verkstaden for dei aktive utøvarane. Det vil bli rikeleg tilgang til eit biletmateriale i 1:1 format og i ein digital biletkatalog, både gjennom kunnskapsportalen GRIND og gjennom Os lokalhistoriske arkiv og digitalmuseumos.no.

Stiftinga Lyngheim 2018



*KISTE kring 1900 Johannes Skaathun*

*Ein av dei yngre Bjørnefjordsmålarane kring 1900, Johannes Skaathun frå Fusa, er prega av stiltrekk mot slutten av 1800-talet, som vi ser på dette biletet, med ei folkelivsskildring av ein Oselvar på fjorden, ramma inn av Art Nouveau-roser.*

DET HISTORISKE TUNET PÅ LYGHEIM  
[www.lyngheim.no](http://www.lyngheim.no)



# ROSEMÅLARVERKSTADEN

## I DET HISTORISKE TUNET PÅ LYGHEIM



# Det fine handverket

- frå vikingtida til vår eiga tid



I det historiske tunet skal rosemålarverkstaden til Annanias Tveit byggjast opp att, som ein nøyaktig kopi av verkstaden slik han var i 1907. På Lyngheim vil verkstaden bli ein stad for vidareføring og vern av det tradisjonsrike handverket gjennom kursverksemd, opplæring og formidlingsprogram, under leiing av dagens dyktige utøvarar, Torunn Rød Farsund og Hjørdis Juvik. Den dekorative målinga i fjordbygdene i Midthordland er ein fargerik del av kulturtradisjonane på Vestlandet, og dette blir ein autentisk rosemålarverkstad kring dei fremste utøvarane ved slutten av 1800-talet – ein rik seintradisjon i Europas folkekunst.

Medan båtbyggjarane, husbyggjarane og kvinnene i oppstadveven representerer handverkstradisjonar tusen år tilbake i tid, kjem rosemålarane sin periode på 1700- og 1800-talet. Os-målinga har si blømingstid etter 1850, når det moderne industrisamfunnet og fotografiapparatet tar over og utviklar nye visuelle kommunikasjonsformer. To av dei fremste utøvarane, Ola Lien Midtbø (f. 1832) og Annanias Tveit (f. 1847) kombinerer stilimpulsane frå Telemark og Hallingdal med førebilete frå prospektmålarane i Bergen tidleg på 1800-talet. Dette smeltar saman med eldre geometriske motiv og skaper ein fargerik stil som er særeigen for den norske vestkysten.



Ola Lien Midtbø

# OLE BULL

- nasjonalromantikken, folkemusikken og folkekunsten

I 1849 henta Ole Bull den vidgjetne meisterspelemannen frå Telemark, Myllarguten, inn til hovudstadens konsertscene i Oslo og let folkemusikkens slåttar og springarar tona ut til eit stort publikum. Dette innleier nasjonalromantikken sentrale periode i Norge, og Ole Bull vart ståande som ein av nasjonalromantikken frontfigurar.

Ole Bull fekk inspirasjon frå mange av spelemennene på Vestlandet, særleg på Osterøy, der apotekarfamilien Bull hadde sin sommarstad. Men også dei folkelege handverkstradisjonane i treskurd, vevkunst og rosemåling fanga nasjonalromantikken interesse, og då Ole Bull i 1873 bygde seg sitt eige sommarhus, fabelvillaen Lysøen i Os, nytta han lokale handverkarar.

For å få måla den nye villaen tilkalla han målarmeister Annanias Tveit, som også var ein av dei fremste rosemålarane på Vestlandet. Og her kan vi sjå eit sjeldsynt kultur møte, mellom fiolinvirtuosen og nasjonalromantikaren Ole Bull og folkekunstnaren Annanias Tveit, som utvikla Os-stilen til eit høgdepunkt, med roser og arkitektur. Frå Lysøen tok Tveit med seg motivet av den eksotiske villaen, med førebilete i eit tysk xylografi. Dette motivet brukte han på ei rekkje av sine fargeglade kister – einestående verk i folkekunsten.



Annanias Tveit